



Arkivnr: 2016/1620-1

Saksbehandlar: Arild Sondre Sekse

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkeseldrerådet i Hordaland		18.02.2016

Innspel til saker/tema på Vestlandssamling fylkeseldreråd april 2016

Samandrag

Vestlandssamlinga for dei tre fylkeskommunale eldreråda vert i år arrangert av Rogaland fylkeseldreråd på Sola strandhotell 26.-27. april. Ein har bede om innspel til saker frå dei to andre deltakande råda. Forutan eventuelle andre saker som vert reist i dette rådsmøtet, føreslår arbeidsutvalet at ein tek opp uttalen som dei tre eldreråda gav til landskonferansen for fylkeseldreråd som vart halde i Fevik 27.-29. mai 2015:

Uttale til Landskonferansen for fylkeskommunale eldreråd 2015 vedr ansvar for koordinering, planlegging og gjennomføring av framtidige landskonferansar.

Det er, av ulike årsaker, ingen fylkeskommune som ser seg i stand til å stå som arrangør/vertskap for ein landskonferanse for fylkeseldreråda i 2016. Det er heller ikkje noko offentleg organ som i dag tek eit overordna ansvar for koordinering og planlegging av landskonferansane. Statens seniorråd har tidlegare hatt ei aktiv rolle i høve til dette, men ser ikkje på dette som sitt formelle ansvar i dag. Fylkeseldreråda i Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane har drøfta situasjonen på sin vestlandskonferanse 28.-29. april 2015 og er samde om å be Landskonferansen 2015 drøfte og avklare følgjande:

- 1. Om det fortsatt er slik at ingen fylke kan arrangere landskonferanse i 2016.*
- 2. Korleis sikre eit overordna ansvar for koordinering, planlegging og gjennomføring av framtidige landskonferansar.*
- 3. Om landskonferanse for fylkeseldreråd bør haldast 2.kvart år, med neste konferanse i 2017.*
- 4. Om fylkeseldrerådsleiarane i dei tre siste arrangørfylka skal utgjere ei styringsgruppe for landskonferansane.*

*Lofthus i Hardanger, 29. april, 2015
(Signert dei tre fylkeseldrerådsleiarane)*

Uttalen var innmeldt til Landskonferansen 2015 på førehand, men ikkje tidleg nok til at den kom på sakskartet. Uttalen vart lese opp, men ikkje seriøst drøfta på konferansen. Vestlandsråda kravde difor at uttalen vert drøfta på landskonferansen i 2016. Det kan nemnast at Oppland fylkeseldreråd har teke på seg å arrangere 2016-konferansen i Lillehammer.

Forslag til vedtak:

Fylkeseldrerådet gir innspel til følgande sak/saker på Vestlandskonferansen 2016:

1. Oppfølging av uttale til Landskonferansen for fylkeseldreråd i 2015.
2.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Ingrid Kristine Holm Svendsen
fylkesdirektør

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.